



# ØKONOMIPLAN MED HANDLINGSPROGRAM 2024-2027

Kommunestyre sitt vedtak  
Sak 157/23, 18.12.2023

Foto:

s. 1 - Fotograf Elisabeth Bjørkhaug

s. 5 – Jarle Lunde

Suldal og verda rundt oss .....	4
Utviklingstrekk .....	6
Folketalsutvikling.....	8
<b>Ein handlekraftig og kompetent organisasjon .....</b>	<b>9</b>
Digital transformasjon .....	9
Berekraftige tenester.....	10
<b>Planprosessen.....</b>	<b>13</b>
<b>Tenestesamarbeid.....</b>	<b>14</b>
<b>Folkehelse .....</b>	<b>15</b>
<b>Nøkkeltal .....</b>	<b>16</b>
Nøkkeltal og måltal tenesteproduksjonen.....	16
<b>Innspel frå verksemdar, lag og organisasjonar.....</b>	<b>20</b>
<b>Særlege tiltak i budsjett og handlingsprogram .....</b>	<b>22</b>
Suldalspakken .....	23
Innbyggarpakken .....	25
Klima- og miljøpakken .....	26
Rekruttering og kompetanse .....	27
<b>Klima og miljø 2024-2027.....</b>	<b>30</b>
Klimatilpassing .....	32
<b>Økonomiplan 2024-2027 .....</b>	<b>33</b>
ØKONOMIPLAN 2024 - 2027 DRIFT .....	33
Inntekter.....	37
Utgifter .....	40
Ulla Førre Næringsfond: .....	42
Investering.....	43
Resultat.....	50
<b>Handlingsprogram 2024-2027 .....</b>	<b>51</b>
1. Å leva, bu og trivast .....	51
2. Attraktive Suldal .....	58
3. Grøne Suldal .....	67
4. Nyskapande arbeidsgjevar.....	69
<b>Budsjettskjema .....</b>	<b>74</b>
<b>Spørsmål og avklaringar fram mot formannskap/ kommunestyre .....</b>	<b>82</b>

# Suldal og verda rundt oss



## Verda rundt oss

Klimakrisa er synleg i heile verda. Etterverknader frå pandemien utfordrar oss. Det er krig i fleire Europeiske land og konsekvensane pregar også Suldal. Det er eit dystert bakteppe å starte Budsjett og økonomiplan 2024-2027 med, men like fullt ei reell skildring som direkte får konsekvensar for oss.

Suldal er ein god kommune å bu i. Posisjonen som kraftkommune gir oss godt handlingsrom og gode tenester. Samtidig veit vi at dette vil utfordrast. Regjeringa peikar på nasjonale utfordringar i perspektivmeldinga og NOU utvalet har lagt fram Helsepersonellkommisjonen. Vi blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder til å yte tenester. Det vil også treffe Suldal og det er avgjerande for velferden vår at vi vågar å ta det på alvor.

## Vekst og sysselsetjing

Suldal har vekst i folketal grunna mottak av flykningar. Nedgang i fødselstala er likevel ein realitet og tal eldre stig. Rammene over statsbudsjettet vil bli strammare og meir uføreseielege enn før. Dette er bakgrunnen for

at kommunedirektøren har fokus på å unngå generell auke i drifta i økonomiplanperioden.

Auken i drift er knytt til arbeidet for å skapa nye arbeidsplassar og rekruttera fleire innbyggjarar. Store næringsinitiativ av nasjonal tyding vil kunne sne nedgang til oppgang dersom ein satsar og lukkast. Resultatet vil også bidra til stor verdiskaping i regionen. Realisering av bustader, tomter og framtidens kommunesenter er viktige tiltak i økonomiplanen som svarar ut dette.

## Økonomiske måltal

Kommunen har høge inntekter på sal av konsesjonskraft og god tradisjon for klok bruk av ekstraordinære inntekter som ikkje legg press på ordinær drift. Oppbygging av fondsreserve, låg gjeldsgrad og bruk av kraftinntekter i investering har gitt oss ei stabil og trygg drift. Det er likevel naudsynt å definere ein ansvarleg og berekraftig Suldalsstandard for tenestene og halde fram med å byggja opp bufferar som dempar svingingane i kraftinntekter.

Vedteke måltal for netto driftsresultat er 4,5% eller meir. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn netto driftsresultat 12,9% for 2024, 11,7% for 2025, 10,3% for 2026 og 10,9% for 2027. Kommunedirektøren har gjennom framlegg til budsjett og økonomiplan 2024-2027 forsterka viktigheita av låg lånegrad og i stor grad finansiera planlagde store investeringar med auke i kraftinntekter og bruk av avsette midlar til investeringar frå disposisjonsfond. Vedteke måltal for Suldal er eit gjeldsnivå under 65% av brutto driftsinntekter, talet for 2027 er 42%.

## Hovudutfordringar i planperioden

### **Digital transformasjon**

Vi må endre måten vi gir tenester på. Teknologi og digitalisering er noko av svaret. Enkel digitalisering kan vera eit naudsynt skritt mot ein transformasjon. Digital transformasjon skal bidra til at Suldal kommune lukkast med endringsprosessar der digitalisering utgjer ein viktig del. For å lukkast må vi leggje til rette for læring og bidra til systematisk digital kompetanseauke i kommunen. Dette skal skape fornying og gode tenester som tek utgangspunkt i brukaren sine behov.

### **Berekraftige tenester**

For å handtere veksten av eldre og nedgang i tal yrkesaktive må vi arbeide med fleire parallelle løp. Teknologi er noko av svaret. Rett teknologi på rett plass med kompetanseutvikling til tilsette må til.

Samarbeid og synergjar er det vidare svaret. Med dette som bakgrunn foreslår kommunedirektøren å vurdere samlokalisering av sårbare tenester i form av brann og redning, legevakt og mogleg politi, røde kors.

Budsjett og økonomiplan 2024-2027 er eit resultat av bidrag frå leiarar og tilsette sine representantar. Kommunedirektøren vil retta ei stor takk til alle som går på jobb for Suldal kommune kvar dag. Takk til hovudtillitsvalde og verneombod for engasjement og innsats. Kommunedirektøren ønskjer samtidig folkevalde lukke til i det vidare arbeidet med å få på plass Budsjett og økonomiplan med handlingsprogram 2024-2027.

Suldal 1.11.2023  
Karin Dokken Austvik  
*Kommunedirektør*

# Utviklingstrekk

I dette kapitelet vil kommunedirektøren trekka fram overordna utviklingstrekk som ein må ta høgde for i åra framover.

## Klima

Klimautslepp gjer kloden varmare med store konsekvensar for oss alle. For å stoppe utviklinga, må klimautsleppa ned og tiltaka må vere globale, regionale og lokale for at ein skal lukkast.

EU har vedtatt store klimakutt. Innan 2030 skal CO<sub>2</sub>-utsleppa ned med 55% samanlikna med 1990. Norge har forplikta seg til det same målet. Til no har utsleppa i Norge gått ned med 4,2%.

Miljødirektoratet skriv at følgjande tiltak gir god effekt: karbonfangst, elektrifisering av transportsektoren og industrien, redusere transportbehov, redusere matsvinn og ete mindre kjøtt. Miljødirektoratet er uroa og seier ein ikkje i er nærleiken av målet og at for å nå måla må ein utvikle ny teknologi, jobbe med haldningsendring til mat, bygge meir fornybar kraft, energieffektivisere og setje strengare klimakrav ved innkjøp

## Naturmangfald

Dei fleste land i verda har slutta seg til FN sin naturavtale av desember 2022. FN skriv at ¾ av landjorda har blitt endra av menneskeleg aktivitet og at ein million artar kan bli utrydda. Avtalen går ut på å redde og ta vare på natur- og biomangfald i verda. Avtalen har 4 mål og 23 delmål. Det er eit mål om å verne 30% av all natur på land, verdens hav, innsjøar og elver. I sommar blei det vedtatt eit internasjonalt fond for naturmangfald. Det blir utfordrande å bygge meir fornybar kraft utan at det går utover naturmangfaldet.

## Sikkerheitssituasjonen

Sikkerheitssituasjonen i verda er vesentleg endra. Russland har ikkje trekt seg ut av Ukraina. NATO-landa inkludert Norge rustar opp for å stå imot Russland. Det er ein

tilsvarande latent konflikt i Asia. Vestlege land fryktar at Kina kan ta Taiwan med militærmakt. USA seier at dei i så fall vil forsvare Taiwan. Det er nyleg brote ut krig mellom Israel og Hamas i Midt Østen.

Det pågår ein handelskrig mellom USA og Kina. USA (og EU) ønskjer å bli mindre økonomisk avhengig av Kina og har innført ulike tiltak som tollmurar og forbod mot enkelte kinesiske varar. Det har igjen ført til auka kamp om naturressursar og teknologi. Spenningsnivået i verda har auka.

Kinesiske og russiske hackarar er mistenkt for å stå bak fleire dataangrep mot verksemder og offentlege etatar. Det er ein «evig» kamp om å tette sikkerheitshol. Det vil krevje spisskompetanse og investeringar å vere rusta for å handtere dette.

## Flyktningar

Den spente sikkerheitssituasjonen fører til fleire menneske på flukt. I følgje flyktninghjelpa har tal menneske på flukt auka frå 42,7 millionar menneske i 2012 til 108,4 millionar menneske i 2022. Over 5,7 millionar menneske har flykta i frå Ukraina etter Russland sin invasjon i 2021. I 2022 kom det nesten 1 million asylsøkarar til Europa og mange fleire står ved grensa.

## Politisk polarisering

Av verdas befolkning er det berre 6,4% som lever i et velfungerande demokrati mot 14,4% i 2008 (digdir.no).

## Kunstig intelligens (KI)

ChatGPT tok verda med storm i november i fjor. ChatGPT og andre løysingar kan løyse oppgåva for deg basert på tilgjengeleg informasjon, men den kan vere kjelde til feil dersom ledeteksten er for dårleg. Mange trur at KI vil endre korleis me jobbar og gir tenester på.

Instagram har lansert ei tilsvarande løysing, Threads. Appen har enn så lenge ikkje come til EU og Norge Appen grunna brot på personvernet. Appen får tilgong til «alt fra helsedata, økonomiske tall, nettleserlogg, kontakter, til lokasjon og søkeinformasjon med innsamling av alt fra helsedata, økonomiske tall, nettleserlogg, kontakter, til lokasjon og søkeinformasjon». (tek.no, 11.07.2023).

### Kommunebarometeret

Suldal kommune ligg på plass 210 av 346 kommunar i den endeleg utgåva av Kommunebarometeret 2023 utgitt av Kommunal rapport.

Kommunebarometer 2023			
Suldal	Rangering	Endring	Kommentar
Grunnskule	262	-69	For få tilsette med rett kompetanse i norsk, engelsk og matematikk i alle klassetrinn. Bra på andre kriteria.
Pleie og omsorg	17	4	Har godt med tilsette med fagutdanning. Bra karakter på det meste.
Barnevern	6	69	Effektiv sakshandsaming. Tiltaksplanar er på plass.
Barnehage	325	-26	For få pedagogar. Gjer det stort sett bra på andre kriteria.
Helse	324	-16	Manglar legar. Er på etterskot med helseundersøkingar 1. klasse. Gjer det bra på andre kriteria.
Sosial	193	34	Mange på sosialhjelp. Kortare stønadstid enn landsgjennomsnittet.
Kultur	3	28	
Klima og natur	100	-72	Dårlegare skår fordi klimautsleppa i kommunen går opp. Bra på ladepunkt, bra på sortering og ok på andre miljøkriteria.
Saksbehandling	66	-41	
Vann og avløp	194	66	Skårar dårleg på utskifting av vassnett siste 3 år. Skårar elles bra.
Økonomi	1	0	Dei store kraftinntektene er årsaka.
Kostnadsnivå	331	13	Suldal driv 19% dyrare enn tilsvarande kommunar.

# Folketalsutvikling

SSB si befolkningsframskriving frå 2022 seier at det vil bli lågare folkevekst, eldre befolkning, låge fødselsoverskot og lågare innvandring. Det siste året har Suldal hatt folkevekst og høg innvandring. Det er busett over 150 flyktningar i frå Ukraina. Dette gjer at me har hatt ei auke i befolkinga i frå 3774 ved starten av 2022 til 3828 ved utgangen av 1. kvartal 2023. Utan innvandring hadde me hatt ein markant befolkningsnedgang.

Om få år er det fleire pensjonistar enn barn under 17 år i Suldal trass i busetting av flyktningar i frå Ukraina. Barnekulla har blitt mindre Det har vore kraftig nedgang i


fruktbarheit dei siste åra. I snitt får kvar kvinne 1,4 barn mot 1,8 barn i 2012. Det er ein del av ei internasjonal utvikling (SSB, 2022).

Det blir fleire eldre. Det var store barnekull etter krigen, dei barna har blitt pensjonistar. I tillegg går forventa levealder i frå 83 år i dag til 87 år i 2040.


Ved inngangen til 2023 var det busett 444 innvandrarak i Suldal kor cirka 1/3 er flyktningar.

Det har blitt fleire innvandrarak i den yngre enden. Det har kome mange barnefamiliar i frå Ukraina. Grafane under er folkeregistrerte per 01.01.2023.


Innvandrarar



Innvandrarar etter alder



Suldal - Befolkning fordelt på alder fram i tid





# Ein handlekraftig og kompetent organisasjon

Kommunedirektøren tek med seg dei to hovudutfordringane som følgjer av årsmeldinga for 2022. Budsjett og økonomiplan skal i sin heilskap svare ut desse utfordringane.

## Digital transformasjon

### Digiforum

Digitalisering og digital transformasjon er to omgrep som ofte vert brukt om kvar andre, men som faktisk betyr ulike ting. Digitalisering handlar om å ta analoge eller papirbaserte prosessar og gjer dei om med bruk av digitale teknologi. Dette kan for eksempel vera å erstatta papirbaserte fakturaer med elektroniske, eller å bruke digitale verktøy for å registrere og behandle data. Digital transformasjon handlar om å transformera heile verksemda eller organisasjonen med hjelp av teknologi. Dette kan innebera å utvikla nye digitale forretningsmodellar og produkt, eller å omstrukturera eksisterande arbeidsprosessar for å dra nytte av ny teknologi. Enkel digitalisering kan vera eit nødvendig skritt mot ein større digital transformasjon, men digitalisering aleine vil ikkje nødvendigvis føra til dei same endringsprosessane som digital transformasjon kan. Digital transformasjon i ei verksemd handlar om å integrere teknologiske løysingar og digitale verktøy i forretningsprosessane for å optimalisera verksemda sin effektivitet, produktivitet og ressursbruk. Det kan medføre å endra forretningsmodellar, prosessar, organisasjon og kultur for å utnytta dei fordelar som digital teknologi har å tilby. For å styrka dette arbeidet i organisasjonen har kommunedirektøren oppretta DigiForum

Forumet skal

- bidra til at Suldal kommune lukkast med endringsprosessar der digitalisering utgjer ein viktig del.

- leggje til rette for læring og bidra til systematisk digital kompetanseauke i kommunen.
- skape fornying, effektiv ressursbruk og fleire gode digitale tenester som tek utgangspunkt i brukaren sine behov.

Forumet vil utøve si verksemd gjennom rådgjeving, dialog og utføring av aktivitet.

### Digitale tenester

Digital transformasjon har ført til betydeleg endring i måten barn og unge lærer og utdannar seg på. Digital læring er blitt meir tilgjengeleg gjennom nettkurs, videokonferansar og interaktive læringsplattformer. Dette gjer det mogleg å tilpassa læringa til den enkelte elev betre, samt få tilgangar på ressursar frå heile verda.

Skular og barnehagar har implementert digitale verktøy for administrasjon og kommunikasjon. Dette inkluderer system for foreldrekontakt, timeplanlegging og registrering av elevprogresjon. Digital kommunikasjon mellom lærarar, elevar og foreldre er også blitt enklare, noko som gir effektiv samhandling og informasjonsdeling. Med auka digitalisering følgjer auka bekymring for personvern og sikkerheit, særleg når det gjeld barns data. Digital utvikling innan oppvekstsektoren har nødvendiggjort strenge retningslinjer for datahandtering og personvern for å beskytte barna sin personlege opplysingar og sikre trygge digitale læringsmiljø.

Digitalisering i tenestene er eit supplement, men vil i avgrensa grad kunne erstatta menneskelege ressursar. Behovet for kompetanse og menneskelege ressursar vil alltid vera til stades. utfordringar med rekruttering innan faget, gjer at ein må omstille tenestene til å bli meir effektive. I Framtidas omsorg legg ein opp til velferdsteknologiske verkty som lettar arbeidet for dei tilsette, eksempelvis digitale tilsyn. For brukarane vil det mellom anna kunne føre til betre søvn på nettene.

Gamle planar og kart vert gjort digitale i tenesteutviklinga. Program for oppmåling gjer det mogleg å kunne gjera heile arbeidet ute i

felt noko som kjem innbyggjaren til gode. Meirope bibliotek med digital inngong og registrering av bøker er eit anna eksempel på digital utvikling av tenestene våre som kjem innbyggerane direkte til gode.

Innbyggjarane er meir digitale og forventar enklare og døgnoptne digitale løysingar frå kommunen på alle områder. Kommunedirektøren har mål om framtdsorienterte teknologiske løysingar som er sky baserte tenester og gir heilskaplege tenester for innbyggjarane skal prioriterast. Det er ei naudsynt utvikling samstundes som ein veit at sky baserte tenester gir auke i driftskostnadar.

## Berekraftige tenester

### Framtida Helse og Velferd

Kommunedirektøren ser på korleis Suldal kan utvikla ei berekraftig legeteneste, inkludert legevakt. Belastninga det medfører å drifte eiga legevakt har over fleire år vore for stor. I godt partssamarbeid vil kommunedirektøren i planperioden sjå på ulike måtar å løyse dette på for ei best mogleg teneste for innbyggjarane i Suldal. Vidare er det naudsynt å sjå på korleis ein best kan nytta den kompetansen ein har i omsorgstenestene for å sikre gode og effektive tenester i framtidens eldreomsorg i ein situasjon der vi blir fleire eldre som skal ha tenester og færre i yrkesaktiv alder. Det vert mangel på sjukepleiarar over heile landet i dei komande åra. Det er naudsynt å sjå på heile arbeidsflyten for å nytte kompetansen best mogleg, og vidare må det nyttast rett velferdsteknologi på rett måte som gode hjelpemiddel i tenestene.

### Krysspunkt 2025

Den demografiske framskrivinga viser at det blir fleire eldre og lågare fødselstal. For å møte veksten i eldre vil det i omsorgstenestene vera behov for fleire årsverk med rett kompetanse.

Kommunedirektøren vil særleg innan omsorg sjå på korleis ein kan nytte kompetansen på ein god måte. Ein bør ha fokus på sjukepleiekompetansen der ein ser etter nye måtar å arbeide på. Det kan bety tilgang på fleire helsefagarbeidarar. Det kan også bli aktuelt å styre helsefagkompetanse internt i organisasjonen, for eksempel frå oppvekst til helse og velferd.

Fleire eldre og færre barn og unge betyr at ein må omprioritera ressursbruken frå oppvekst til omsorg. Det betyr at ein må endre måten oppvekst blir organisert i dag, dette for at kommunen kjem til ha store utfordringar med å ha nok tilsette i helsesektoren i framtida, samt at behovet vil bli lågare i oppvekst ved færre barn og unge.

Ny Opplæringslov skjerpar kompetansekrava. Elevar som har rett til individuell tilrettelagd opplæring (tidlegare spesialundervisning) har krav til å få opplæringa av kvalifiserte lærarar. Det kan gjerast unntak dersom det vil gi eleven betre opplæring, men då skal det givast av personar med universitets- eller

høgskuleutdanning som gjer seg særleg eigna for å ivareta behova til eleven.

Kommunedirektøren vil arbeide for å legge til rette for gode omskuleringstiltak frå oppvekst til omsorg for å imøtekome framtidig utfordring i omsorgssektoren. Ein vil opprette dialog med ulike utdanningsinstitusjonar for å planlegge for å få til ulike kvalifiseringsprogram for fagarbeidarar, samt kvalifisering til sjukepleiarutdanning.

Kommunedirektøren vil gjennom saka Framtidas oppvekst sjå på måtar ein kan organisera tenesta på for å gi eit godt berekraftig barnehage og skuletilbod.

### **Framtidas oppvekst**

Suldal kommune står i ei særstilling med tanke på store industriplanar på Jelsa. Dette kan føra til ei eventyrleg utvikling av Suldalssamfunnet. I den samanheng må kommunen planlegge for at Jelsa kan bli vekstsenteret i kommunen.

Jelsa kan bli knutepunktet for Ryfylke, Stavanger og Haugalandet. For å imøtekoma framtidsplanane må ein planlegge for å gå frå eit oppvekstsenter til eit vekstsenter på Jelsa. Her har ein moglegheit til å skapa eit framtidretta vekstsenter der utdanning og danning står sentralt både på dagtid og kveldstid for innbyggjarane. Eit vekstsenter som vil innhalda barnehage, skule og andre kommunale tenester. Eit vekstsenter som kan fyllast med både organiserte og uorganiserte aktivitetar både for barn, ungdommar, vaksne og eldre.

Ein framtidretta oppvekst er trygge barnehagar og skular, der ein møter vener og får tilgang på trygge, relasjonelle og kompetente vaksne. Det er her barn og unge, forutan i heimen, legg grunnlaget for møte med framtidens moglegheiter.

Framtidens oppvekst skal gi tenester av høg kvalitet. Ifølgje ny Opplæringslov har kvar kommune eit ansvar for alle tilsette får høve til å utvikla seg fagleg og pedagogisk, så dei kan

vere på høgd med utviklinga i barnehagen, skule og samfunnet. Det betyr at kommunen må legge opp til å kvalifisere og vidareutvikla kompetansen til alle tilsette.

Gjennom interkommunalt nettverksarbeid med Vindafjord, Sauda og Suldal, har ein utvikla eit system for kvalitet i barnehage og skular. Som ein del av dette arbeidet er det blant anna laga ein samarbeidsmodell for tilsyn i barnehage og ekstern vurdering i barnehage og skule. Vidare er nettverket i ein prosess med samarbeid om felles introduksjonskurs for nyttilsette («onboarding») og kompetanseutviklingsplan for oppvekstsektoren. Ein felles kompetanseutviklingsplan vil bidra til at me får til deling av faglege ressursar, noko som også vil gi effektiv ressursbruk. I dette arbeidet er det også oppretta kontakt med Høgskulen Vestlandet, og kommunane har fått statlege tilskot i ein startfase. Vindafjord, Sauda og Suldal vil også ta initiativ til eit utvida regionsamarbeid om kompetanseutvikling i alle dei åtte kommunane som utgjer Nord-R samarbeidet, fordi me ser at det er potensiale for meir samhandling på dette området. Effekten er venta å vere auka kapasitet og kompetanse til å drive kompetanseutviklingsarbeid.

Når det gjeld tiltaket om vurdering av skulemåltid har kommunedirektøren starta ei utgreiing av kva eit sunt skulemåltid bør innehalde. Arbeidet vil ferdigstillast i 2024. I tillegg har ein vore i kontakt med Haugsund kommune og fått informasjon om korleis dei har løyst organiseringa og ressursbruk for eit slik ordning. Skulemåltid krev byggetekniske tiltak. Kartlegging av dette er sett på vent i påvente av avklaring i sak om Framtidens oppvekst.

### **Suldal brann og redning**

Suldal kommune etablerte eiga avdeling for brann og redning 1. juni 2023, etter at kommunen gjekk ut av samarbeid med Haugaland brann og redning IKS (HBR) frå same dato. Det blei inngått samarbeid med Sauda kommune om kjøp av brannsjef-

funksjonen og med HBR på forebyggande. Begge desse avtalane gjeld ut 2024. Signala frå styresmaktene er at kommunane skal prøva å søkja samarbeid i større einingar innan brann og redning. Ein vil ta med seg dei erfaringane ein har når ein skal vurdere framtidig organisering frå 01.01.2025. Arbeidet vil starta våren 2024.

### **Legevakttenesta / samlokalisering**

I handlingsprogrammet ligg det inne oppgradering/ny brannstasjon på Sand mot slutten av planperioden. Kommunedirektøren har over tid vurdert korleis ein kan få kraft i små fagmiljø ved å samlokalisera naudetatar. Det kan vera hensiktsmessig av fleire grunnar. Mange av oppdraga til Suldal brann og redning handlar om helse og samhandling med andre. Det kan då vera både lurt og praktisk å lokalisera desse tenestene saman.

Det har over lang tid vore utfordrande å drifte legevakttenesta. Fastlegekrise og mangel på legar fører til stor belastning på legane som drifte legevakt. Kommunedirektøren har sett i gong eit arbeid der ein ser på ulike måtar å drifte legevakt på. Samlokalisering med andre naudetatar kan vera ein måte å organisere tenestene på. Kommunedirektøren ønskjer konkret å greie ut ei slik samlokalisering av ambulanse, Røde Kors, politi, legevakt og

brann, gjerne i lag med Sauda kommune der kommunane kan vera satellitt for kvarandre.

### **Medisinsk utstyr legekantor**

Kommunedirektøren legg opp til investering i medisinsk utstyr som både kjem innbyggaren til gode i tillegg til at det kan bidra til at Suldal blir ein attraktiv arbeidsplass for legar. Eksempel på dette er investering i ultralyd. Ultralyd blir stadig meir vanlig i allmennpraksis, og brukast både av legevakslegar og fastlegar. Ved å ta ultralyd i bruk, kan ein diagnostisere fleire tilstandar utan å involvere spesialisthelsetenesta. Dette bidreg til betre flyt i tenestene og mindre belastning på spesialisthelsetenesta. I Suldal vil ein kunne unngå innleggingar, lettare trygga pasientane og diagnostisere og behandla fleire tilstander enn i dag. Ultralydapparat kan slik bidra til at Suldal blir ein attraktiv arbeidsgivar fordi arbeidet vert fagleg interessant utover det ein får andre stader.

Dermatoskop er eit verktøy for å undersøke hud/føflekkar og for å gi detaljert bilde av tilstand. Tonometer som er eit verktøy for å måle trykk i auga for å avdekke eksempelvis augesjukdomar. Investering av utstyr er foreslått dekkja av disponible fondsmidlar. Kr. 450 000,- i 2024 finansierast med overføring frå drift (fondsmidlar)

# Planprosessen

Suldal kommune vedtok ny kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel i 2023. Årsbudsjett og handlingsplan bygger på kommuneplanen. Måla og hovudstrategiane frå kommuneplanen er direkte overført til handlingsplanen, det er og knytt direkte tiltak til fleire av måla i dette framlegget. Kommunedirektøren vil i to tertialrapportar i løpet av 2024 rapportera til kommunestyret korleis økonomien utviklar seg og korleis det går med gjennomføring av tiltaka, den første tertialrapporten har fokus på økonomi. I desse to sakene kan kommunestyret vedta endringar i budsjettet eller vedta endringar i korleis tiltaka skal gjennomførast. Etter årsslutt vil kommunedirektøren leggja fram årsmelding og rekneskap, og her vil det

bli gitt grundig tilbakemelding på korleis måloppnåinga har vore.

## Vidare framdrift i budsjettprosessen

1. november: Kommunedirektøren legg fram sitt forslag  
20. november: Handsaming i AMU  
20. november: Handsaming i ungdomsrådet  
20. november: Handsaming i eldreråd og råd for funksjonshemma  
22. november: Handsaming i LMT-utvalet  
22. november: Handsaming i Levekårsutvalet  
28.-29. november: Handsaming i formannskapet  
Innstilling lagt ut til offentleg ettersyn 14 dagar før handsaming i kommunestyret  
18. desember: Handsaming i kommunestyret



# Tenestesamarbeid

Samarbeid	Om samarbeidet
Indre Ryfylke barnevern	Barnevern saman med Sauda. Sauda som er vertskommune.
Indre Ryfylke PPT	PPT-tenesta saman med Sauda. Suldal som er vertskommune
Miljøretta helsevern	Sauda driv på vegne av Suldal, Etne og Vindafjord.
Følgjeteneste for jordmor	Saman med Sauda
Landbruksrådgjevar	Saman med Sauda
Skjenkekontroll NoRoSun	Sauda driv på vegne av fleire kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordaland
Ryfylke IKT	Kommunalt oppgåvefelleskap (sjå kommunelova § 19-1). Kommunane som er med i fellesskapet er Suldal, Hjelmeland, Sauda og Strand
Brann og redning	Tenestekjøp frå Sauda frå 1. juni 2023 om brannmeister og beredskap. Kjøp av forebyggjande tenester av HBR iks frå same dato.
NAV-kontoret	Felles leiar med Sauda og med dei statlege tenestene
IVAR	Her deltek me som ei gruppe saman med Strand og Hjelmeland kommunar (Ivar Renovasjon Ryfylke)

I tillegg deltek kommunen i fleire andre IKS som driv med arkiv, krisesenter, revisjon, sekretariat for kontrollutvalet og regional utvikling.

Kommunen har i tillegg ei rekke med samarbeidsavtaler for lengre eller kortare periodar.

Suldal kommune er også med i fleire interesseorganisasjonar.

# Folkehelse

Suldal skal vera eit samfunn det er godt å bu i og det skal vera enkelt for den einskilde å ta gode val for eiga helse.

## **Kommunen har eit ansvar.**

Folkehelselova regulerer dette, mellom anna ved å tydeleggjera kommunen sitt ansvar om å fremja befolkninga si helse. Trivnad, gode sosiale og miljømessige forhold, førebygging av psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, utjamning av sosiale helseforskjellar og vern mot faktorar som kan påverka helsa negativt, inngår i kommunen sitt ansvar. På mange måtar kan ein seia at det er folkehelse i alt kommunen gjer, frå overordna strategiar til konkrete tiltak i handlingsprogrammet.

## **Oversikt over folkehelsa i Suldal.**

Alle kommunar er pålagde å ha oversikt over folkehelsa. I samband med at det skal utarbeidast ny planstrategi skal det også føreligga eit eige oversiktsdokument slik at det nye kommunestyret får kjennskap til korleis

det står til med folkehelsa. I tillegg til oversiktsdokumentet som skal utarbeidast kvart fjerde år, skal kommunen ha løpande oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar.

Kommunedirektøren har sett ned eit folkehelseforum som har eit særleg ansvar for å arbeide med aktuell statistikk, ny kunnskap og leggje opp arbeidet i tråd med dette.

## **Kva skal me jobba med?**

Økonomiplan med handlingsprogram nyttast til å dokumentera utvalde faktorar i det løpande oversiktsarbeidet.

Dei utvalde faktorane for denne økonomiplanperioden er:

- Fysisk aktivitet
- Inkludering.

# Nøkkeltal

Her finn du nokre nøkkeltal for Suldal kommune. Tala er henta i frå SSB/Kostra eller kommunen sine egne tal. Dersom ikkje anna er opplyst, er det KOSTRA-tal frå SSB som bli presentert.

**KOSTRA** = **K**ommune-**S**tat-**R**apportering) som gir styringsinformasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Landet = tal for landet utan Oslo.

På enkelte områder har ein satt eit mål. Målet er ikkje bindande, men skal vise retning.

## Nøkkeltal og måltal tenesteproduksjonen

Befolkning	Landet	Suldal			
	2022	2020	2021	2022	
Innbyggjarar		3809	3784	3815	
% med innvandrarbakgrunn	17,7	11,6	11,5	13,2	
Tal fødde		30	32	34	
Tal døde		26	34	46	
Fruktbarhet (antall)		1,64	1,73	1,57	
% eldre over 80 år som bur aleine		54,9	55,5	56,7	
Enslige forsørgere med stønad frå NAV		..	4	5	
% med låg inntekt	..	..	..	..	
% uføretrygda 18-66 år	10,9	10,4	9,7	9,2	
% arbeidsledige	..	1,2	..	..	

Personal (tal frå KS)	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
% sjukefråvær (samla)	6,8	7,3	7,3	7,5	6,5
% som jobbar heiltid i kommunen	59	46	46	48	55
% gjennomsnittlig stillingsstorleik per tilsett	83	80	80	80	83

Barnehage	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Tal barn i barnehage		193	191	193	
% barn 1-5 år med barnehageplass	93,6	90,3	89,4	88,8	90
% minoritetsspråklige barn	17,9	24,5	19,7	16,2	
% barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	42,1	40,5	37,8	32,5	42



Skule	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Tal elevar i grunnskulen (1-10 trinn)		520	502	504	
Tal elevar i 1. klasse		51	42	44	
% elevar i SFO	60,4	45,7	44,1	50,8	
% elevar som får skuleskyss	23,3	51,5	50,4	52,4	
% lærarar med pedagogisk utdanning	87,7	74,7	77,9	81,3	87
% elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	7,9	6	5,6	4,8	
% elevar meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver, lesing 8kl	73,3	67,4	81,5	77,6	
% elevar meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver, regning 8kl	70,5	91,1	79,2	79,3	
Deltakere i vaksenopplæring		22	12	18	

Helse og velferd	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Tal brukarar av heimetenester		187	179	179	200
Tal brukarar institusjonstenester		19	28	28	38
Tal brukarar aktiviserings- og servicetenester		143	138	136	
% over 80 år som bruker heimetenester	27,9	35,7	30,7	30,9	
% 0-66 år som bruker heimetenester	49,0	37,4	40,2	40,2	
% over 80 år med institusjonsopphold	10,4	4,2	8,3	8,8	
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon (kr)	4 752	6 700	6 724	6 541	
Legetimer per veke per bebuer i sjukehjem (timer)	0,64	1,46	0,78	1,11	
Tal fastlegekonsultasjonar per person (bustad)	3,10	2,20	2,10	2,30	
Brukerrettede årsverk i omsorg med helseutdanning	78,3	84,9	84,5	88,2	90
Brukarar med dagaktivitetstilbod i % 67-79 år	0,7	2,8	2,6	2,8	
Sosialhjelpsmottakere (antall)		112	102	85	
Antall barn i familiar som mottok sosialhjelp		80	83	63	

Kultur	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Barn på kulturskulen i % av alle barn	13,2	25,5	25,8	24,1	25
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (antall)	3,8	5,4	5,5	5,3	5,5

Plan, byggesak og miljø	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Gj.snitt saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dagar)	40	48	45	52	40
Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dagar)	19	14	12	13	19

Landbruk	Landet	Suldal			
	2022	2020	2021	2022	
Jordbruksverksemdar		202	205	206	
Jordbruksareal i drift (dekar i 1000)		34	34	34	
Produktiv skogareal (dekar i 1000)		285,5	285	284,9	

Eigedomsforvaltning	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Tal kvm føremålsbygg		36909	36909	36909	
Tal kommunale bustader		89	90	84	100
Energibruk per m2 eigd areal (kwh) formålsbygg	144	158	168	182	170

Vatn og avløp	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
% innbyggjarar med god vasskvalitet (E.coli)		100	77	100	100
% vatn som går tapt på grunn av lekkasje	29,2	34,9	14,1	14,1	
Fornya ledningsnett siste 3 år %	0,7	0	0	0	

Klima og naturmangfald	Landet	Suldal			MÅL
	2022	2020	2021	2022	2027
Endring i totale klimautslepp i % (Miljødir)		16,3	-9,5	1,8	
% verna areal på land	17,6	28	28	28	30
Antall ladepunkt for hurtiglading		2	2	7	15
% kommunale el-bilar (både egne og leasing)		10	50	50	80
% miljøsertifiserte leverandørar (registrert)				30	50
Tal Miljøfyrtårn-sertifiserte einingar i kommunen			4	15	20

## Finansielle nøkkeltal

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er overskotet til kommunen. Eit godt resultat kan me sette av til fond eller nytte til investeringar. På grunn av våre variable kraftinntekter og høge investeringsnivå bør nivået vere på over 4,5% over tid. (Teknisk berekningsutval tilrår 1,75% for «normalkommunen»)

### Langsiktig gjeld

KS tilrår ikkje lengre eit eksakt tal på gjeldsnivå. Det vil avhenge av størrelsen på

driftsresultatet og størrelsen på disposisjonsfondet.

### Disposisjonsfond

Suldal set av midlar til framtidige prosjekt og som buffer. Våre kraftinntekter kan variere med 100-300 millionar kr årleg. Det gjer at ein må ha høgare disposisjonsfond enn mange andre for å kunne takle svingingane.

Finansielle måltal		Landet	2020	2021	2022	Mål
Netto driftsresultat / brutto driftsinntekt	%	2,7	5,6	19,2	28,6	>4,5
Langsiktig gjeld* / brutto driftsinntekter	%	114,3	52,6	44,2	30,7	<30
Disposisjonsfond (alt) / brutto driftsinntekt	%	14,5	33,5	42,4	55,1	>40

Merknad: \*ex pensjon og formidlingslån

# Innspel frå verksemder, lag og organisasjonar

## Kyrkja i Suldal

Suldal kyrkjelege fellesråd søker om ein auke i løns- og driftsutgifter tilsvarande det som blir gitt elles i kommunen. Når det gjeld investeringar, søker dei på ny om tilskot til å finansiera oppgradering av el-anlegg og oppvarming i Jelsa kyrkje. Kostnaden med dette er rekna til kr. 1.200.000. Riksantikvaren har løyvd kr. 450.000 i 2023 til dette, og fellesrådet vil søkja Riksantikvaren om å få overføra summen til 2024.

### Driftstilskot:

I 2023 blei det overført kr. 4.794.000 til Suldal kyrkjelege fellesråd. I tillegg kr. 50.000 til Opne kyrkjer.

### Investeringar:

Brannsikringa av Jelsa kyrkje vart mykje dyrare enn budsjettet. Grunnane til dette var fleire. Krav frå Riksantikvaren, prisauke på utstyr og lang leveringstid etter to år med korona. Budsjettet for både brannsikring og oppgradering av el-anlegg og oppvarming gjekk med til brannsikringa. Det vert nå søkt om kr. 1.200.000 til oppgradering av el-anlegg og oppvarming. Det vert også søkt Riksantikvaren om tilskot. Riksantikvaren har gitt denne uttalen:

*Så bra dere har fått installert sprinkleranlegg. Vi har forståelse for at det har tatt opp mye av budsjettet. Som nevnt i den opprinnelege eposten har vi ikkje mulighet til å utsette fristen på tilskuddet lenger, siden tilskuddet utgår i 2023 og ikkje lenger vil være gyldig. Dersom dere tror at tiltaket vil kunne gjennomføres innen 2024 kan vi gjøre et unntak og gi et nytt vedtak om tilskudd på same beløp, som erstatter det opprinnelege tilskuddet, men det må da ferdigstilles innen 31. Oktober 2024.*

Svar: Tilrår auke i driftstilskot med lønsauke, ikkje prisstigning. Tilrår å finansiera brannsikring av Jelsakyrkja med kr. 1.2 mill, der tilskot frå Riksantikvaren på 0,450 millionar kr. vert ein del av finansieringa.

## Ryfylkemuseet

Drift – søker justering for pris/lønsauke. Søker vidare støtte til restaurering av Suldalsdampen kr. 750.000 for 2024. Samla kostnad for å restaurera skroget er grovt budsjettet med 4-6 mill. kr. Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune har gitt støtte i 2023 og Ryfylkemuseet reknar med at dei vil støtta vidare.

Svar: Tilrår ikkje auke i driftstilskotet.

Tilrår ikkje vidare støtte til restaurering av Suldalsdampen. Grunngevinga er at sidan Budsjett 2021, 2022 og 2023 har kommunen gitt samla støtte med kr 1 mill til dette prosjektet.

[Kommunestyret 18.12.23: 1.5.4.1 Restaurering Suldalsdampen - støtte med kr. 250.000 i 2025 og 2026](#)

## Suldal idrettslag, skigruppa - støtte til drift av snøkanon

Suldal idrettslag søker om 200.000 årleg i driftsstøtte til snøproduksjonsanlegget ved Mosvatnet. Driftskostnadane til anlegget består i hovudsak av to element; vaktordning og straumkostnader. Straumkostnadane kan variera mykje.

Svar: Det vart i budsjett 2023 gitt straumstøtte til drift av snøkanon grunna høg straumpris. Rår ikkje til å støtta søknaden for 2024.

[Kommunestyret 18.12.23: 2.1.8.10 Gi driftstilskot til snøproduksjon i lysløypa på Gullingen, inntil kr 0,2 mill kr. Frå 2024-](#)

#### **Tettstadprosjektet på Jelsa - kyststi**

Støtte til etablering av kyststi - 2 mill. Det er lagt inn eit grøntdrag frå Jelsavågen til Giljestranda – kyststi – i samfunnsdelen av kommuneplanen. Her er målet ei enklare tilrettelegging av sti, for å auka ålmenta sin tilgang til strandsona. Det vil og betre tilgongen til og synleggjera ulike kulturhistoriske verdiar. Område førespegla til ein eventuell kyststi trase har også 4 vikinggraver og eit kolmilefelt. Målet er å få tilrettelagt turområde nær der folk bur.

Formålet med tettstadsprosjektet på Jelsa er å gjera staden meir attraktiv gjennom å auka livskvalitet og styrkja busetjing, sysselsetjing og verdiskaping.

Etablering av ein kyststi på Jelsa vil vera heilt i trå med nettopp dette, men og også gjennomføring av mål i samfunnsdelen i kommuneplanen til Suldal kommune; leggja til rette for folkehelse gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur. Ein opparbeiding og gjennomføring vil gjerast i samarbeide med grunneigarar, Ryfylke Friluftsråd, lag og organisasjonar, eldsjeler og frivillige.

Ryfylke friluftsråd vil søkja om spelemidlar og overta ansvar for framtidig vedlikehald, dei vil også inngå avtalar med grunneigarar.

Svar: Det er lagt inn støtte med kr. 1 mill kvart av åra 2024 og 2025 frå konsesjonsavgiftene.

#### **Marvik båtforening - støtte til flytebrygger**

Søker støtte til nye flytebrygger med kr. 200.000. Utvidinga vil gi 8 nye båtplassar. Samla kostnad er rekna til kr. 578.500.

Svar: Det er lagt inn støtte med kr. 200.000 i 2024 frå konsesjonsavgiftene.

#### **Suldal Fjellstyre**

Søker om kommunal støtte kr. 50.000 til årleg dekning av deltaking i eksterne møte.

Hovudtanken bak søknaden er at medlemmene skal kunne få moglegheit til å vera meir delaktige i eksterne møter. Som medlem av fjellstyret er det felire fora som styret skal ha ein representant i; Fjellstyresambandet, tilsynsutvalet for Dyraheio, Suldal villreinlag, Setesdal Ryfylke villreinlag, rådgivande utval til SVR og tiltaksplan for villrein. Med ei årleg driftstilskot frå kommunen vil medlemmene få anledning til å få kompensasjon for tapt arbeidsfortening og dekka reiseutgifter.

Svar: Rår ikkje til å støtta denne søknaden då fjellstyret har eigne inntekter.

[Kommunestyret 18.12.23: 3.1.1.1 Forvaltning av heiaområdet Bidra til å auka kompetansen til Suldal fjellstyre med å gje kommunal støtte på inntil 50 000 til kompetansehevingstiltak. Finansiert i frå disposisjonsfond. 2024.](#)

#### **Tour des Fjords - støtte til sykkelritt.**

Som del av rittet vert det planlagt målgang i Suldal for den 3. etappen. Sjå heile søknaden i vedleggsheftet.

Svar: Det er lagt inn støtte med kr. 375.000 i 2024 frå konsesjonsavgiftene.

#### **Andre søknadar**

Det er kome innspel etter at kommunedirektøren har lukka budsjettframlegget – desse innspela ligg vedlagt i vedleggsheftet.

- Sand Suldal skyttarlag – søknad om støtte til utgreiing av 15 m innandørs skytebane på Skarmyr
- Sand Suldal skyttarlag – søknad om auka finansiell støtte til skyttarlaga i Suldal kommune

- Suldal idrettslag – søknad om auke i støtta til prosjekt Prestavikjo

Kommunestyret 18.12.23: Prestavikjo - Auke kommunen sin andel til 2,6 mill kr jamfør søknad i frå Suldal IL. Inkludert i støtta er forskottering av fylkeskommunal støtte og momskompensasjon. Finansieres av disposisjonsfondet.

- Jelsa båtforening – offentlig toalett på Jelsa – invitasjon til samarbeid

Dei to innspela under kom innan spelemiddel-fristen, men er ikkje prioritert (Kyststi prosjektet vart prioritert)

- Jelsa velforening – søknad om støtte til spelemiddelprosjekt – aktivitetspark
- Jelsa velforening – søknad om støtte til spelemiddelprosjekt - rehabilitering av Svehaugane nærmiljøområde

Søknad frå Kjølvik bedehus om støtte. Søknaden kom inn 25.10.2023:

Kommunestyret 18.12.2023: Tilskot til Kjølvik bedehus. Utviding og oppgradering universell utforming

Kr 500.000,- i 2024. Finansiert ved mindre overføring til disposisjonsfondet.

## Særlege tiltak i budsjett og handlingsprogram

Suldal kommune kan oppleve sterk vekst i tal arbeidsplassar grunna planar om nye store etableringar på Berakvam (Windworks Jelsa), utviding av Norsk Stein og oppgradering av kraftanlegga i Øvre Suldal. Dette kan i tillegg til dei direkte effektane også bidra til at eksisterande næringsliv veks og gje tilgang på kompetanse og arbeidskraft til kommunen. Kor stor ein evt. folkevekst kan bli vil i stor grad avhenge av kommunen si evne til å tilretteleggja for og tiltrekke seg fastbuande. Ei auke i varige arbeidsplassar på frå rundt 1.700 i 2028 og til rundt 3.200 i 2032 på Berakvam og midlertidige arbeidsplassar (10-15 år) på inntil 500 i Øvre Suldal gir både moglegheiter og utfordringar, men om ein klarar å tilretteleggja på rett måte vil moglegheitene vera mange.

### Suldalspakken, innbyggarpakken og klima & miljøpakken

I fjor introduserte me ulike pakkar som innehaltd tiltak for å trekka til seg nye innbyggjarar, men som samstundes gir utvikling og trivsel for hyttesuldøler og fastbuande.

1. Suldalspakken er mynta på å trekkja til seg nye innbyggjarar gjennom å satsa på ulike tiltak rundt i heile kommunen. Tiltaka vil sjølvstøtt også koma alle som bur i kommunen og som besøkjer oss til gode.
2. Innbyggarpakken syner tiltak i budsjett og handlingsprogram som kjem alle som bur i kommunen til gode.
3. Det same gjer innhaldet under overskrifta Klima og miljøpakken.

I planperioden legg kommunedirektøren til nye tiltak i pakkane. Det blir også lagt til ein fjerde pakke; Kompetanse og rekruttering.

## Suldalspakken

### Prosjekt industrieventyr (24-26)

Samfunnsutviklar

Samfunnsanalysen, Sand sentrum, eige for leige, bu-/blilyst, utvikle eksisterande næringsliv, legge til rette for nytt næringsliv, rekruttering m.m. krev ressursar. Skal ein klare å svare ut og fylgje opp ambisjonane om lokal verdiskaping, potensialet om busetnad og lokal vekst i dei framtidige planlagde industrietableringane på Jelsa (og Øvre Suldal), treng ein auka ressursar i kommunen, jfr, tilrådingar i samfunnsanalysen og GNIST rapporten.

### Tiltak for bulyst og møteplassar

Ein viktig del av innhaldet i Suldalspakken og Innbyggarpakken er å auka bu- og blilyst i kommunen. Utifrå samfunnsanalysen og resultatane i den ynskjer kommunedirektøren å prioritera kommunesenteret Sand og tettstaden Jelsa i høve tilrettelegging for nye møteplassar og aktivitetar.

### Tilrettelegging for ny bruk/etterbruk av kommunale bygg

Suldal kommune har ei rekke bygg som i dag står heilt eller delvis tomme store delar av døgnet. Gitt dei utbyggingane som er planlagt vil det være behov for areal til kontor, kommunale tenester, innbyggjarkontakt, møteplassar m.m. Uavhengig av pågåande strukturdebattar og lokaliseringar av framtidige tenester kan det opne seg høve for gjenbruk, ombruk og samlokalisering som ein bør sjå nærare på.

### Auka innsats areal- og samfunnsplanlegging (25-27)

Den nye kommuneplanen har store planar for samfunnsutviklinga for Suldal, medrekna vedtekne planer om industriverksemd for Norsk Stein (utviding og dobling av produksjon) og WWJ (WindWorksJelsa) si planlagde nyetablering for produksjon havvindmodular.

Konsesjonsvilkårsrevisjon Ulla/Førre og Lyse/Hydro sin OU-planar (opprusting og utviding) for Røldal Suldal kraftverk (RSK), som kan gi investeringar på mange milliardar kroner i åra som kjem, vil også krevje mykje av kommunen.

Kommunestyret sitt planvedtak og ambisjonane som ligg i dette er avhengig av auka kapasitet for planarbeid. Det er eit omfattande reguleringsplanarbeid som skal følgjast opp etter vedtak av ny kommuneplan. Norsk Stein og WWJ sine planar vil setja preg på Suldalssamfunnet i lang tid framover. Det er allereie gjennomført oppstartsmøte for begge reguleringsplanane (juni 2023) mellom Suldal kommune og utbyggjarar, og planprogram for begge er sendt ut til 6 vekers offentleg høyring, med høyringsfrist i november 2023.

Nyleg kom og melding frå regjeringa om midlar til rassikring og ny tunnel Rødsliane RV 13, og at kontrakt for oppstart av dette arbeidet kan skje i løpet av neste år.

Summen av alt dette er at Suldal kommune står føre areal- og samfunnsplanlegging som kommunen ikkje har vore med på sidan utbygging av Ulla-Førre utbygginga på 1970 og 80-talet. Ein konsekvens av dette er at Suldal treng å auka plankapasitet for å følgje opp kommunen sine eigne vedtak i ny kommuneplan.

Dersom Suldal byggjer opp kapasitet innan areal- og samfunnsplanlegging for seint, risikerer kommunen å kome bakpå, og at tilgjengeleg utbyggingsareal blir ei flaskehals for aktuelle og vedtekne planar om store industrietableringar i Suldal.

### Kjøp av næringsareal på Jelsa

Jelsa vil innan relativ kort tid kunne ha behov for næringsareal og bustadareal. Det største og mest attraktive næringsarealet og kanskje også bustadarealet ligg på tomta til den gamle tønnefabrikken. Her er det planlagt hydrogenfabrikk, men reguleringsarbeidet har

stoppa grunna bl.a. utfordringar med vatn og straum.

Kommunedirektøren ynskjer å ta ein dialog om det kan vera mogleg å få kjøpa arealet. Det kan løyse noko av behovet for rask tilgang til næringsareal. Sjølv om ein har regulert arealet på Tysingvatnet til næring vil det ta tid og krevja store ressursar for å få dette tilrettelagt.

### **Attraktivt og levande Sand sentrum (24-27)**

I budsjettvedtaket for 2023 og handlingsprogrammet for 2023 – 2026 er det avsett midlar til utvikling av Sand sentrum. Kommunestyret har i tillegg gjort vedtak i Handlingsprogrammet 2023 - 2026 «-at ein skal sjå på eit tilbod for unge i Sand sentrum som eit samarbeid med Sand ungdomsskule og Rysteg».

Suldal kommune fekk våren 2023 utarbeid ein sentrumsanalyse av arkitektkontoret Tuvalu der dei såg på bruk av ulike areal og bygg i Sand sentrum. Analysen vil vere sentral i det vidare arbeidet med sentrumsutviklinga.

Kommunedirektøren har sett ned ei arbeidsgruppe der ein har invitert inn Næringshagen i Ryfylke, Rysteg forutan Suldal kommune. Gruppa har sett på ulik utnytting av Skipsekspedisjonen ved eit eventuelt kjøp. Gruppa peikar på at det kan være mange ulike aktivitetar som kan fylle eit bygg.

- Gaming, datarom og E-sport
- Møteplass for ungdom, kveldstid
- Pendlarkontor/co-working space/arbeidsfellesskap
- Møteplass mot arbeidslivet
- Teneste-/infotorg/turistinformasjon for Suldal kommune
- Kafe/bakeri/etter skule mat for elevar ved Sand skule
- Rysteg, kontor, pauserom, garderobar, produksjonslokale, verkstad, blomosal
- Arbeidstrening Rysteg og Sand skule
- Bruktsal
- Samlokalisering, Introteneasta, PPT, kulturskulen
- Fellesverkstad inne og ute (mekking)

- Skaparverkstad
- Garderobe sjøbad
- Ungdomsrådet
- Ungdomskoordinator

Sand sentrum er prega av fleire tome lokale, spesielt i området rundt Sand torg. Suldal kommune har overtatt Meieriet og ein har ved kjøp av Skipsekspedisjonen høve til å laga heilskap rundt desse bygga.

Sand sentrum skal bli ein attraktiv møteplass for alle som bur i kommunen, besøkande og hyttesuldøler. At det er liv og aktivitet i kommunesenteret store delar av døgnet er ein viktig faktor for å nå dette målet.

Det er og viktig å få opp attraktiviteten til sentrum i høve å trekke til seg nye tilbod, handel og opplevingar. Auka attraktivitet vil og auka verdien på eigedom, som igjen kan gje høve til auka investeringar. Målet må være at det aktivitet i alle bygg i sentrum store delar av året og døgnet.

Suldal kommune har starta eit samarbeid med Rogaland Fylkeskommune der ein ser på tilbakeføring av fasadar og bygg i Gata/sentrum til opphavleg utsjånad. Dette kan få opp attraktiviteten på bygningsmassen og auka verdiane i sentrum.

### **Meieriet**

Kommunedirektøren legg opp til at ein i løpet av 2024 får endeleg avklaring på kva Meieriet kan nyttast til, evt. kva som må/kan gjerast for å få bygget i ein slik stand at det kan nyttast til aktivitetar. Det bør arbeidast for å knyta til seg investorar og utviklarar som kan utvikla bygget i tråd med ambisjonen om eit levande sentrum. Om dette ikkje lukkast bør ein vurdere riving og alternativ bruk av tomta.

### **Tur/sykkelsti Sand – Suldalsosen (26-27)**

Strekket Grov - Førland

Det har i mange år vore inne eit «turdrag» i kommuneplanen sin arealdel frå Sand til Suldalsosen. Mykje av strekket er opparbeid, men strekninga Grov – Førland manglar.



Steg 1 Grov – Hatløyna: Kommunedirektøren er i dialog med grunneigarar på strekket Grov – Hatløyna (1,6 km) om å opparbeida ein skogsbilveg som etter uttak av tømmer kan nyttast som steg 1 i dette strekket. Det er ikkje er gjort bindande avtalar med grunneigarane.

Kostnadsoverslag for opparbeiding av skogsbilveg er: 2 000 000,-. Dersom nytta av vegen blir rekna 50% nytte for skoguttak og 50% nytte som sykkelveg kan vegen få statleg skogsbilvegstøtte på ca 500 000,-. Det er lagt inn midlar i investeringsbudsjettet til kommunal del.

Steg 2 Urene: Hatløyna – Førlandsøyane: Del 2 av strekket vil bli gjennom steinrøysa mellom

Hatløyna og Førlandsøyane. Dette er eit kortare (600m) men meir krevjande strekke og me føreslår å setja av midlar til dette slik at heile strekket vert tilrettelagt. Mellom anna må det inn ein geolog for å uttale seg om eventuell sikring gjennom ura.

Steg 3 Førlandsøyane – Førland. Delar av eksisterande sti og vegar (2 km) må oppgraderast mellom anna for å hindre slitasje som i dag er betydeleg på nokre strekk.

Når dette strekket er ferdig har ein samanhengande tur/sykelsti frå Sand og oppover dalføret sjølv om ein må nytta riksvegen eit lite strekke ved Førlandsbrua og på Lunde.

## Innbyggarpakken

### Breiband, fiber og mobil - vidare utbygging (24-25)

I vedleggshefte syner ein kva er utført og kva står att.

Sjølv om ein er kome langt med utbygging av breiband og fiber i Suldal står det framleis att nokre områder med dårleg og inga dekning. Fylkeskommune lyser årleg (gjennom statlege midlar) ut anbodskonkurransar der kommunar kan søkja på midlar til denne type utbygging. For å imøtekomme desse søknadane er ein avhengig av ein prosentvis kommunal finansiering. Frå tid til anna dukkar det og opp prosjekt generert av kommersielle aktørar der ein ved relativ lite kommunalt bidrag kan utløyse utbygging.

### E-sport barn og unge (24)

Breidde og variasjon i ungdomstilbodet er noko ein har kontinuerleg fokus på. Ei uformell gruppe ungdommar bidrar med innspel og meiningar, og me prøver ut nye tilbod og løysingar når det ligg til rette for det. I haust vil ein leggja til rette for at foajé området i Suldalshallen skal bli ein uformell møte- og hengeplass for ungdom. Det er gjort nokre små grep med måling og møblering for å laga lokala

imøtekomande for målgruppa. Svært mange i ungdomsgruppa er aktive på trening, og det er difor ein eigna treffplass. Det er alltid ungdommar i hallen. I tillegg er vaktmeisterrommet rydda og tilrettelagt for aktivitet. Her er det tenkt e-sport og gaming. Gjennom skreddarsydde spillopplevingar og morosame e-sport-konkurransar kan barn og ungdom oppleve fellesskap og meistring. For å få breidde og vekt interessa, vil det vera fint med noko kommunalt utstyr. Det vil vera meir inkluderande når ikkje alt utstyret er «nokon sitt».

### Hent meg/handlebuss

På vegne av Rogaland Fylkeskommunen arbeider Kolumbus for å gi reisande eit best mogleg kollektivtilbod. Hent-Meg er ei on-demand bussteneste levert av Kolumbus som blir tilbydt fleire stader i landet, eksempelvis i Sauda. Ein bestiller transport på nett eller telefon og går om bord i en minibuss til avtalt tid. På vegen kan bussen plukke opp og setja av andre passasjerarar. Ein betaler vanleg busspris og blir frakta til ønska stopp som ein gav i bestillinga. Suldal kommune ønskjer å gå i

dialog med Fylkeskommunen om ei slik ordning i kommunen.

#### **Møteplassen Ståvå (24)**

Ståvå er ein gratisbutikk med eit tilbod som er svært kjærkome for mange, men det er også ein viktig møteplass mellom fastbuande, flyktningar og andre med ei velfungerande frivillig drift. I tillegg er det stor pågang av fint brukte klede og utstyr som får nye eigarar, så drifta har absolutt eit bærekraftperspektiv også.

#### **Utvandrarjubileet (25)**

Det er 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika fann stad. Det var med Restaurationen frå Stavanger. Ein av eigarane av båten kom frå Suldal, og fleire ombord var herfrå. Dette er ei nasjonal markering, og det vil ikkje vera unaturleg om Suldal har si lokale markering med ein lokal komité. Noko av planlegginga vil kunna komma i 2024.

#### **Dei tusen første dagane (24-)**

Forsking viser til at dei tusen første levedagane i barnet sitt liv utgjer ein kritiske periode for barnet si utvikling. Dei først leveåra er avgjerande for barna sin kognitive og emosjonelle utvikling. Gode stimulerings tiltak, kjærleg omsorg og tilgang på høg kvalitet tidleg i barndommen vil bidra til at barn får styrka psykologisk motstandskraft. Dette vil gi barn naudsynete ferdigheiter for å lukkast seinare i livet, inkludert i skulen og arbeidslivet. Her har helsestasjon, barne- og familieteam og barnehagar ein viktig posisjon. Tidleg innsats gjennom eit tverrfagleg samarbeid dei første tusen første levedagane vil vere god førebygging for ei god helse, utdanning og trivsel for dei framtidige generasjonar. Ved å sjå på organisering og tiltak som kan styrke kommunen sitt arbeid for at barn dei første leveåra vil gi ein mogleg samfunnsgevinst.

## **Klima- og miljøpakken**

#### **Ladeboksar – tilrettelegging for besøkande (24-27)**

Det er avsett midlar for å få ladeboksar på plasser kor besøkande parkerar over lengre tid. Per i dag er det konkrete planar om ladeboksar på Gullingen og ved Suldal bad.

#### **Hurtigladarar i grendene (24-26)**

Suldal kommune jobbar for å få på plass hurtigladerar i heile kommunen. Per i dag er det hurtigladerar på Nesflaten, Suldalsosen og Sand. Det vert arbeidd for å få etablert hurtigladerar i Erfjord, Jelsa og Ropeidhalvøya. Det er avsett Kr. 750 000,- i kvart av åra til tilskot til kommersielle aktørar som vil etablere hurtigladarar.

#### **Vedlikehald av kommunale bygg, vegar og ytre anlegg (24-27)**

Det er lagt inn betydelege midlar til vedlikehald av bygg, vegar og ytre anlegg i planperioden.

Ein god del av dei avsette midlane er til vedlikehald/oppgradering av ventilasjon og lys. Der det er mogleg vil ein sjå om det er mogleg med varmpumpe / solceller (eigne avsette midlar til desse tiltaka i investeringsbudsjettet). For 2024 vil midlar til vegar avsetjast til brøytefond. Dette for å unngå framtidige «svingingar» i kva som kan nyttast til vedlikehald og asfaltering. Det ligg prioriteringsliste i vedleggsheftet.

Det er lagt inn midlar til vedlikehald av Mostøl bru i 2026.

Det er ikkje lagt inn eigne midlar til Marvik kai. Rapport etter spesialinspeksjon er vedlagt i vedleggsheftet.

#### **Prosjekt «Levande jord i landbruket» (24-25)**

Suldal kommune vil mobilisera til ein klimavennleg og berekraftig matproduksjon, kor jordhelse og plantehelse er i fokus. Mobiliseringa er eit samarbeid mellom Suldal

kommune, Suldal Bondelag og Statsforvaltaren sin bygdeutviklar i kommunen.

Hovudmålgruppa for mobiliseringa er bønder og landbruksrådgivarar i kommunane Sauda og Suldal.

Suldal kommune, Statsforvaltaren v/Bygdeutviklar og Suldal Bondelag skal gjennomføra eit opplegg for bønder i kommunane Sauda og Suldal for å spreie kunnskap om jordhelse og om korleis auka jorda si evne til å produsera mat og binde karbon. Opplegget inneheld kurs, feltforsøk og analysar av forsøka. Opplegget startar hausten 2023 og varer ut 2025.

### **Næringsstøtte til landbruket, (24-25)**

Som ei oppfølging av prosjektet «Suldalsbonden mot 2050», ny kommuneplan for Suldal 2023- 2034 og for å omsynta dei endra investeringsbehova husdyrnæringa i Suldal står framføre, særleg krav om omlegging frå bås fjøs til lausdrift for alle mjølke- og amme ku bruk frå 2034, ynskjer kommunedirektøren å sjå på tildelingskriteria for landbruket. Detaljavklåring av regelverk for tildeling av støtte vil skje gjennom medverknad frå Suldal Bondelag og Skogeigarlaget. Etter det vil forslag til revidert regelverk for kommunal næringsstøtte landbruk bli lagd fram som ei politisk sak.

## **Rekruttering og kompetanse**

### **Omskuleringstiltak oppvekst - omsorg**

Kommunen vil arbeide for å leggja til rette for gode omskuleringstiltak frå oppvekst til omsorg for å imøtekomme framtidig utfordring i omsorgssektoren. Ein vil opprette dialog med ulike utdanningsinstitusjonar for å planlegge for å få til ulike kvalifiseringsprogram for fagarbeidarar, samt kvalifisering til sjukepleiarutdanning.

Ny opplæringslov har skjerpa kompetansekrava til den som skal gi individuell tilrettelagd opplæring. Det kan gjerast unntak frå kompetansekrava dersom det vil betre opplæringa. Slike unntak kan berre gjerast dersom opplæringa skal givast av personar med ei universitets- eller høgskuleutdanning som gjer dei særleg eigna til å i vareta behova til eleven. Dette betyr at bruken av fagarbeidar vil bli endra framover.

### **Utviklingspermisjon for leiarar (24-)**

Som eit tiltak for å stå lengre i stilling som leiar i kommunen kan utviklingspermisjon vera eit tiltak. Fleire andre verksemder har slik ordning. Ein får då moglegheit til å søkje utviklingspermisjon i 3 månader f.eks. etter 7 år i stillinga. Før ein innfører ei slik

ordning kan det vera tenleg med ei god vurdering. Det vert tilrådd å greie ut ei slik ordning i løpet av 2024.

### **Prosjektstøtte til kompetanseheving for personalgrupper.**

Å kunne ha moglegheit til å reise på studietur eller gjennomføra kompetanseheving samla for ein arbeidsplass kan vera eit fagleg og sosialt godt tiltak. Midlar til slike prosjekt kan hentast frå det ordinære budsjettet til kompetanseheving gjennom søknad. Det vert då ei prioritering mellom individuelle tiltak og tiltak for heile einingar eller deler av einingar.

### **Rekruttering introduksjonsdeltakarar**

Erfaring viser at fleire introduksjonsdeltakarar ønskjer helsefagutdanning. Sauda vidaregåande skule har stor søknad frå fleirspråklege som ønskjer utdanning og dei fleste blir tatt godt i mot til læreplass i kommunen. Ei utfordring kommunen ser er mangelen på norsk språk når ein skal ha praksis. Her bør ein leggje til rette for kompetanseheving.

Ein må prøve å leggje til rette for eit kombinasjonsløp med norsk kurs og arbeid slik at nye flyktingar kjem raskare i arbeid, samt

inkludert i Suldalsamfunnet. Her må ein ha god dialog med næringslivet.

### **Rekrutteringsbustader - kollektiv/bufellesskap**

I fjor introduserte ein ordning med Leige for eige –bustader. Dette vert vidareført i planperioden. Desse er tenkt både som rekrutteringsbustader til kommunalt tilsette og andre som treng bustad. Det er kome innspel på at ein bør kunne tilby bustad i kollektiv/bufellesskap når ein flytter til Suldal. Dette for å gjera det lettare å bli kjent med andre og at leigekostnaden kan bli lågare då bustaden er avgrensa i storleik. Ikkje alle ynskjer store leilegheiter/ hus når dei kjem til kommunen. Ein foreslår at slike buformer vert del at bustadstrategien framover. I fleire av byggefelta er det avsett område for slike løysingar.

### **Fjernkontor**

Gjennom koronapandemien fekk ein erfaring med ulike former for heimekontor. Suldal kommune har laga eige regelverk for tilsette som vil nytte heimekontorordning. Hovudregelen er ein dag i veka på heimekontor.

I tillegg gjer me oss nå erfaring med å nytta fjernkontor. Ein tilsett arbeider frå Oslo og er i Suldal omlag ei veke i månaden. Me vil etter ei tid evaluera denne ordninga for å sjå om ho kan utvidast til evt å gjelda i høve rekruttering av tilsette/kompetanse det er vanskeleg å få til å flytta til Suldal.

### **Trainee**

Ei traineestilling er ein form for tilsetting kor ein person, ofte ein nyutdanna person med høgare utdanning, blir tilsett for ein bestemt tidsperiode for å få opplæring i ein bestemt jobb eller bransje. Traineeprogrammet er vanlegvis utforma for å gi deltakaren inngåande kunnskap og praktisk erfaring i verksemda, bransjen og arbeidsoppgåvene. For arbeidsgivar vil traineestillinga gi tilgang til ny kunnskap som kan bidra til relevante fagmiljø og status som attraktiv arbeidsgivar

Traineeprogrammet kan variera i lengd, men fokuset er at ein skal utvikle talentet og gi deltakaren ei brei forståing av organisasjonen. Etter fullført traineeprogram kan det vere moglegheit for fast tilsetting, det vil uansett vere ein god sjanse for å utvikla ein god karriere i bransjen ein har traineestilling i. For Suldal kommune vil ein traineestilling gi ein moglegheit til å rekruttere etterspurt kompetanse, samt utvikla kandidaten sitt talent under rettleiing for å imøtekome eit generasjonsskifte der det er tilsette med kritisk kompetanse.

### **Internship**

Internship er ei ordning der ein student får arbeide i ei bedrift/organisasjon med relevante oppgåver ei ein periode av utdanninga. Som ein "intern" får studenten moglegheit til å få relevant arbeidstrening innafor eit område. I tillegg er dette ein god måte å rekruttere nye arbeidstakarar.

Internship kan vere eit tiltak for å vise fram kommunen som kompetansearbeidsplass ved inngå ein avtale med ein utdanningsinstitusjon for å gi studentar moglegheit for internship i Suldal kommune.

### **Utdanningsbarnehage og skule**

Høgskolen på Vestlandet (HVL), fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har etablert ei ordning med lærarutdanningsskular -og barnehagar som tek utgangspunkt i den nasjonale strategien [Lærarutdanning 2025](#). HVL har i første omgang organisert dette som eit pilotprosjekt for perioden 2020-2024 der eit samarbeid med 6 skular og 4 barnehagar frå nærregionene (Bergen, Stord og Sogndal) er etablert.

Ei utviding av opplegget skal etter pilotperioden skalerast opp til å gjelde samarbeid med fleire grunnskular og barnehagar og være en varig ordning og framtidig satsing i alle nærregionar. Dette kan vere eit tiltak som ein kan arbeida for å få til Suldal kommune som ein del av rekrutteringsarbeidet etter lærarar i framtida.

### **Prosjekt alternativ bruk av vaktmeistertenesta**

Ungdomsskulen har mange elevar som vel arbeidslivsfag, og har stor interesse for yrkesretta arbeid. Ny Stortingsmelding for 5.-10. klasse omhandlar å skapa ei meir praktisk og variert opplæring for å legge til rette for motivasjon og meistring. Det å få andre yrkesgrupper inn i skulen kan legge til rette for å gi anna kunnskap til elevane når det gjeld praktisk retta opplæring. For å imøtekome

noko av dette vil ein som ei prøveordning teste ut ein kombinasjonsstilling der ein slår i saman ein 50 % vaktmeisterstilling og ein 50 % miljøarbeidarstilling til ein driftsoperatørstilling/miljøarbeidar ved Sand skule. Denne personen vil då kunne nyttast til å halde drifta av skulen sitt tekniske bygg, samt ta med seg elevar til ein del praktisk arbeid i opplæringa. Dette kan bli eit vinn-vinn prosjekt.


## Klima og miljø 2024-2027

Norge skal redusere utslippa med 55% innan 2030 samanlikna med 1990. I kommuneplanen 2022-20234 under punktet «Grøne Suldal» står det at:

*«Det er viktig at me, i åra som kjem, tek ei aktiv rolle i arbeidet med å redusere utslipp og leggja om til eit meir klimavennleg energiforbruk. Like viktig som å redusere utslipp, er det å halda på naturen si evne til å binda CO2. Suldal har mykje utmark, skog, myr og landbruksareal som er viktig for CO2 lagring».*

### Utslepp Suldal kommune

Miljødirektoratet legg ut ein årleg oversikt over klimautslippa i norske kommunar. Dei sist oppdaterte tala er i frå 2021. Suldal kommune sitt berekna utslipp er på 56.000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Mange tal er vanskeleg å kvantifisere på kommunenivå, men oversikten gir likevel ein god indikasjon. Slik det ser ut i dag, så går utslippa ned i frå vegtrafikk, oppvarming og avfall, medan industriutslippa (annan mobil forburning og sjøfart, bulkskip) har gått opp. Norsk Stein sin aktivitet blir registrert under «annen mobil forburning» og «sjøfart».



Graf: Utslepp tonn CO<sub>2</sub> per hovudområde. Inn under anna mobil forburning finner du Norsk Stein.


Siste oppdaterte tal for opptak av klimagassar frå skog og myr er i frå 2015. Det syner at skog og myr tek opp cirka 159.000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i Suldal kommune. Det er noko ned i frå 2010. Suldal kommune har omprioritert noko skog til beite/dyrka mark i frå 2010 til 2015.

**Suldal kommune har ikkje eigne mål for reduksjon av klimautslepp per i dag, men arbeider aktivt for å følgje opp dei nasjonale måla.**

- Suldal kommune har tiltak for å energieffektivisere både eigne bygg og andre bygg i kommunen. Suldal kommune har det siste året gitt støtte til over 1000 ENØK-tiltak i kommunen. Det er gitt støtte til varmepumper, solceller, etterisolering, nye energieffektive vindauge med meir. Det frigir elektrisitet til det grøne skiftet.
- Suldal kommune og mange lokale leverandørar er Miljøfyrtårn-sertifisert.

No arbeider kommunen med å bli resertifisert.

- Suldal kommune valte IVAR som renovasjonsleverandør, blant anna fordi IVAR hadde høgast gjenvinningsgrad.
- Suldal kommune er med på eit prosjekt for redusere karbonutslepp i frå jorda.
- Suldal kommune jobbar for å få ladepunkt i heile kommunen, sjå handlingsprogrammet.
- Ein lokal leverandør arbeider for å få ladepunkt for store køyretøy. Ladeløysinga kan stå klar i 2024. Kommunen har god dialog med leverandøren.
- Suldal kommune jobbar med ein «klimaknapp» på kommunen si heimeside som vil gjere klimaarbeidet i kommunen meir synleg. Den nye profilen vil bli lansert i 2024.
- Suldal kommune vil jobba for auka naturmangfaldet, sjå handlingsprogrammet.



Kilde: Miljødirektoratet/Nibio

## Klimatilpassing

### **Klimatilpassingsforum**

Suldal kommune skal aktivt delta i Rogaland Fylkeskommune sitt klimatilpassingsforum for oppfølging av fylkeskommunen sin klimatilpassingsplan og utveksling av erfaring med dei andre Rogalandskommunane.

### **Aktiv bruk av klimaprofil**

Kommunen skal aktivt nytta Norsk klimaservicesenter sin klimaprofil for Rogaland i planlegging og forvaltning.

### **Klimarisiko i heilskapleg ROS**

Ved rullering av heilskapleg ROS for Suldal kommune i kommande planperiode skal det setjast ekstra fokus på kartlegging av klimarisiko og avbøtande tiltak knytt til denne risikoen. Ved all planlegging og bygging i

kommunen skal det vere ekstra fokus på klimarisiko.

### **Temakart i kommuneplanen**

Temakart i kommuneplanen om flaum, ras og havnivåstiging skal nyttast aktivt for å unngå å bygge seg inn i nye utfordringar.

### **Arealdel i kommuneplanen**

Det er sett krav i føresegnene til arealdelen at opne og naturbaserte løysingar for overvasshandtering skal nyttast i alle tilfelle kor det er praktisk mogleg. Dersom andre løysingar vert velt må det grunngjevast.

I kommuneplanen sine føresegner skal ein halde inngrep og omdisponering av myr og matjord på eit minimum.



# Økonomiplan 2024-2027

Under følger økonomiplan for 2024-2027 for drift. Signala i Statsbudsjettet ligg til grunn for forventa pris og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskot. Økonomiplanen blir lagt fram i faste 2024 prisar. Økonomiplanen byggjer elles på handlingsprogrammet og andre politiske føringar.

## ØKONOMIPLAN 2024 - 2027 DRIFT

(Brutto/nettorammer i samsvar med oppstilling (2024-kroner, summar i heile tusen)

Rammeområde	Budsjett				Økonomiplan		
	B 2023	B 2023	B 2024	B 2024	2025	2026	2027
	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto
Skatt på inntekt og formue		-165 410		-173 110	-173 110	-173 110	-173 110
Rammetilskot		-52 542		-160 142	-160 142	-160 142	-160 142
Eigedomsskatt		7 500		7 500	7 500	7 500	7 500
Eigedomsskatt		-131 000		-150 200	-151 800	-151 800	-151 800
Konsesjonsavgifter		-29 485		-29 981	-32 163	-32 163	-32 163
Inv. komp. skule/omsorg/kyrkja		-600		-600	-600	-600	-600
Overf. Havbruksfondet		-3 400		-10 000	-8 000	-9 500	-7 500
Sal av konsesjonskraf		22 332		7 932	7 832	5 932	5 332
Sal av konsesjonskraf		-221 000		-74 501	-74 501	-59 601	-55 001
<b>Disponible inntekter</b>		<b>-573 605</b>		<b>-583 102</b>	<b>-584 984</b>	<b>-573 484</b>	<b>-567 484</b>
Renteinntekter		-5 625		-11 225	-11 225	-11 225	-11 225
Rogaland Fylke, amortisering		-500		0	0	0	0
Utbytte frå Haugaland Kraft		-7 500		-7 500	-7 500	-7 500	-7 500
Kursgevinstar /utbytte pengepl.m.m.		-3 000		-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Renteutgifter		11 686		16 815	18 415	17 599	15 739
Avdrag på lån		23 018		26 328	31 145	33 774	33 210
Ulla/Førre nær.fond, utlån		3 000		3 000	3 000	3 000	3 000
Ulla/Førre nær.fond, avdrag		-2 000		-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Sosiallån, utlån		250		250	250	250	250
Sosiallån, avdrag		-192		-192	-192	-192	-192
<b>Netto finansinnt./-utgifter</b>		<b>19 137</b>		<b>22 976</b>	<b>29 393</b>	<b>31 206</b>	<b>28 782</b>
Motpost avskrivningar		-35 069		-35 069	-35 069	-35 069	-35 069
Motpost kalkulatoriske renter		-3 395		-3 395	-3 395	-3 395	-3 395
Avsetjingar:							
Disposisjonsfond		1 684		14 763	8 664	23 256	49 303
Bundne driftsfond		50		50	50	50	7 750
Bruk:							
Disposisjonsfond		-84823		-130 813	-38 568	-12 500	-9 550
Bundne driftsfond		-8902		-20 354	-1 562	-1 562	-1 562
<b>Netto avsetningar</b>		<b>-91 991</b>		<b>-148 389</b>	<b>-31 416</b>	<b>9 244</b>	<b>45 941</b>
Overf. til invst. driftsm.		122 629		174 665	68 145	15 973	0
Overf. til invest. Konsesj.avg.		23 445		46 293	24 328	25 300	17 600
Overf. til invest. Utbytte		7 500		7 500	7 500	7 500	2 000
<b>Til fordeling drift</b>	<b>0</b>	<b>-531 349</b>	<b>0</b>	<b>-518 521</b>	<b>-525 498</b>	<b>-522 725</b>	<b>-511 625</b>

Rammeområde	Budsjett				Økonomiplan		
	B 2023	B 2023	B 2024	B 2024	2025	2026	2027
	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto
Utgiftene er inkl. avskr.							
Kommunedirektøren	10 973	10 705	14 131	13 272	13 506	13 506	13 506
	-268		-859		-734	-734	-734
Økonomi og organisasjon	80 196	77 382	43 038	38 834	38 504	36 478	34 979
	-2 814		-1 152		-1 190	-1 164	-914
Kommunekassen	20 540	16 847	20 321	15 846	20 421	20 421	20 421
	-3 693		-4 475		-4 475	-4 475	-4 475
Organisasjon og innbyggarkontakt	25 734	23 334	25 071	22 887	25 071	25 071	25 071
	-2 400		-2 184		-2 184	-2 184	-2 184
Skatt og finans	791	645	791	641	791	791	791
	-146		-150		-150	-150	-150
Politiske organ	6 831	6 592	7 508	7 259	7 883	7 358	7 358
	-239		-249		-324	-249	-249
<b>Sum Formannskapet</b>	<b>145 065</b>	<b>135 505</b>	<b>107 858</b>	<b>98 789</b>	<b>106 176</b>	<b>103 625</b>	<b>102 126</b>
	<b>-9 560</b>		<b>-3 069</b>		<b>-9 057</b>	<b>-8 956</b>	<b>-8 706</b>
Overord. Oppvekst	19 272	15 666	14 443	11 129	15 367	13 992	13 992
	-3 606		-3 314		-3 596	-3 397	-3 397
Indre Ryfylkte PPT	6 827	3 391	6 652	3 216	6 652	6 652	6 652
	-3 436		-3 436		-3 436	-3 436	-3 436
Stølane barnehage	7 451	6 352	8 795	8 242	8 795	8 795	8 795
	-1 099		-333		-331	-331	-331
Kjølvikestølen barneh.	3 589	3 177	5 105	4 889	5 105	5 105	5 105
	-412		-218		-131	-131	-131
Vinjar barnehage	11 401	9 634	9 414	8 464	9 414	9 414	9 414
	-1 767		-939		-557	-557	-557
Sand barnehage	13 995	11 715	14 038	12 844	14 038	14 038	14 038
	-2 280		-1 194		-690	-690	-690
Erfjord skule	8 828	8 240	8 459	7 982	8 459	8 459	8 459
	-588		-477		-477	-477	-477
Marvik skule	4 067	3 923	4 270	4 123	4 270	4 270	4 270
	-144		-147		-147	-147	-147
Sand skule	31 430	30 387	32 546	31 475	32 546	32 546	32 546
	-1 043		-1 071		-1 071	-1 071	-1 071
Vinjar skule	11 657	10 873	12 360	11 548	12 360	12 360	12 360
	-784		-812		-812	-812	-812
Jelsa oppvekstsenter	6 126	5 613	6 825	6 469	6 825	6 825	6 825
	-513		-356		-287	-287	-287
Nesflaten oppvektsent.	5 254	5 041	6 589	6 307	6 589	6 589	6 589
	-213		-282		-245	-245	-245
Vanvik oppvekstsenter	3 840	3 637	3 936	3 780	3 936	3 936	3 936
	-203		-156		-135	-135	-135
Gullingen leirskule	3 679	953	3 891	1 165	3 891	3 891	3 891
	-2 726		-2 726		-2 726	-2 726	-2 726
Introsenteret	11 324	1 062	10 922	1 243	11 114	11 114	11 114
	-10 262		-9 679		-9 871	-9 871	-9 871
Barnevern	11 603	11 590	10 603	10 590	10 603	10 603	10 603
	-13		-13		-13	-13	-13
Kultur	37 582	29 676	35 210	26 795	30 085	30 210	29 960
	-7 906		-8 415		-8 180	-8 205	-8 156
Helse og Velferd	10 598	10 266	9 359	9 031	9 390	9 390	9 390
	-332		-328		-335	-335	-335

NAV Suldal	7 868	7 509	6 832	6 639	6 832	6 832	6 832
	-359		-193		-193	-193	-193
Sjukesheimen	45 465	39 002	47 328	40 615	47 803	47 803	47 803
	-6 463		-6 713		-6 808	-6 808	-6 808
Helse	30 314	21 311	34 726	25 270	34 726	34 726	34 726
	-9 003		-9 456		-9 456	-9 456	-9 456
Suldal heimeteneste	58 021	50 334	60 775	53 169	60 775	60 775	60 775
	-7 687		-7 608		-7 606	-7 606	-7 606
Suldal bu- og aktivitetss.	25 461	21 637	27 182	23 340	27 182	27 182	27 182
	-3 824		-3 842		-3 842	-3 842	-3 842
Levekårsutvalet	492	489	469	466	469	469	469
	-3		-3		-3	-3	-3
<b>Sum Levekårsutvalet</b>	<b>376 144</b>	<b>311 478</b>	<b>389 739</b>	<b>318 791</b>	<b>377 226</b>	<b>375 976</b>	<b>375 726</b>
	<b>-64 666</b>	<b>0</b>	<b>-61 938</b>	<b>0</b>	<b>-60 948</b>	<b>-60 774</b>	<b>-60 725</b>
Kultur og samfunnsutvikling	7 059	7 032	14 673	14 168	18 512	19 062	14 733
	-27		-568		-1 431	-2 281	-1 702
Bygdeutvikling	14 066	8 872	17 345	12 863	17 861	18 376	15 376
	-5 194		-5 342		-5 357	-5 372	-5 372
Teknisk drift	96 596	67 859	103 860	74 326	112 257	113 400	110 500
	-28 737		-29 534		-30 248	-30 838	-30 838
LMT-utvalet	617	603	524	507	524	524	524
	-14		-17		-17	-17	-17
<b>Sum LMT-utvalet</b>	<b>118 338</b>	<b>84 366</b>	<b>136 402</b>	<b>109 941</b>	<b>149 154</b>	<b>151 362</b>	<b>141 133</b>
	<b>-33 972</b>		<b>-35 481</b>		<b>-37 053</b>	<b>-38 508</b>	<b>-37 929</b>
<b>Sum driftsinnt.</b>	<b>-108 198</b>	<b>0</b>	<b>-106 468</b>	<b>0</b>	<b>-107 058</b>	<b>-108 238</b>	<b>-107 360</b>
<b>Sum driftsutg. inkl. avskr.</b>	<b>639 547</b>	<b>531 349</b>	<b>624 989</b>	<b>518 521</b>	<b>632 556</b>	<b>630 963</b>	<b>618 985</b>
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>531 349</b>	<b>531 349</b>	<b>518 521</b>	<b>518 521</b>	<b>525 498</b>	<b>522 725</b>	<b>511 625</b>

Rammeområde	Budsjett				Økonomiplan		
	B 2023	B 2023	B 2024	B 2024	2025	2026	2027
	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto
<b>Meir-/mindreforbr. = 0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nto.avs.+overf. inv. budsj. = <b>Nto. dr.res.</b>	61 583		80 089		68 557	58 017	65 541
Nto. dr.res. i % av sum innt.	8,6		11,3		9,6	8,3	9,5
<u>Spesifikasjon fond:</u>							
Avs. til opplæringsfondet		1000		0	0	0	0
studieperm.fond		0		0	0	0	0
" miljøfond		0		0	0	0	0
" konsesjonsavg.fond		0		0	0	0	0
" driftsprosjekt		204		6 704	2 954	1 954	3 954
" næringsfondet		0		0	0	0	7 700
" næringsfondet, sikr.		0		0	0	0	0
" bundne kom.fond		0		0	0	0	0
" bundne sjølvkostfond		0		0	0	0	0
" integrering.tilsk.fond		480		480	480	480	480
" alt. Energi		0		0	0	0	0
" fiskefond							
" viltfond		50		50	50	50	50
" kommunikasjonsf.		0		0	0	0	0
" disposisjonsfondet		0		7 579	5 230	20 822	44 869
Bruk av disposisjonsfondet		-84748		-133 658	-36 068	-11 300	-9 050
" opplæringsfondet		0		0	0	0	0
" spelemiddelfond		-75		0			
" konsesjonsavg.fond		-7150		-24 822	0	0	0
" kommunikasjonsf.		0		-3 150	-2 500	-1 200	-500
" bundne sjølvkostfond		-690		0	0	0	0
" integrering.tilsk.fond		0		0	0	0	0
" bruk nær.fond		-1000		-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
" fiskefond		-62		-62	-62	-62	-62
" viltfond		0		0	0	0	0
" bufferfond konsesjonskraftsal		0		0	0	0	0
<b>Netto avsetninger</b>		<b>-91991</b>		<b>-148 389</b>	<b>-31 416</b>	<b>9 244</b>	<b>45 941</b>

## Inntekter

Hovudfinansieringskjelda til kommunen er rammetilskot, skatteinntekter og inntekter frå vasskraft (naturressursskatt, eigedomsskatt, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter). Inntekter i frå konsesjonskraft er del av «sals og leigeinntekter». Inntekter frå vasskraft (inkludert all eigedomsskatt) utgjer over 40% av inntektene.

### Rammetilskot og skatt

Grunnlagsdata i rammetilskotet syner at i 2023 blir Suldal rekna å vera 19,10% dyrare å driva enn landsgjennomsnittet. Dette talet er 0,76% høgare enn i førre året då det var 18,34%.

Prognosen i Statsbudsjettet er nytta og rammetilskotet er justert opp i tråd med dette.

Den nominelle veksten i dei frie inntektene frå 2023 til 2024 er rekna til å vera 6,2% i Suldal, medan gjennomsnittet i Rogaland er 4,4%. Denne veksten dekkjer ikkje auken i utgiftene kommunen har.


Inntektsanslaget på skatt private for 2024 byggjer på signal frå statsbudsjettet, men ein har nytta egne framskrivingar når det gjeld anslag på skatt 2023.

### Naturressursskatten

Naturressursskatten er ein særskatt som går til kommunen. Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kwh multiplisert med gjennomsnittleg kraftproduksjon siste 7 år. Over tid ligg skatten på ca 50 millionar k i året. Skatten inngår i skatteutjamninga for kommunane.

### Konsesjonsavgifter

Det er budsjettet med 29,981 millionar kr i 2024 og 32,163 millionar kr. frå og med 2025 og resten av økonomiplanperioden. Konsesjonsavgiftene blir indeksregulert kvart 5. år etter SSB sin konsumprisindeks. Det blir i tillegg nytta frå fond 14,422 millionar kr. i 2024 (unytta midlar frå tidlegare år).



## Eigedomsskatt

Eigedomsskatt	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Kraftanlegg (brutto)	102 000	89 000	122 553	110 000	110 000	110 000	110 000
Kraftlinjer	12 800	12 800	13 501	12 800	12 800	12 800	12 800
Englandskabelen	23 000	23 000	23 061	23 000	23 000	23 000	23 000
Steinbrot	5 200	4 800	4 295	4 000	3 000	3 000	3 000
Anna	550	500	469	400	3 000	3 000	3 000
<b>Sum eksl avsetningar</b>	<b>143 550</b>	<b>130 100</b>	<b>163 879</b>	<b>150 200</b>	<b>151 800</b>	<b>151 800</b>	<b>151 800</b>

### Høg straumpris

Straumprisen har vore høg dei siste par åra som gjer at eigedomsskattegrunnlaget ligger over maksverdien, som er «kr 2,74/kWh av 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregåande åra», jf eigedomsskattelova § 8B-1(4). Med andre ord når straumprisen er høg så blir eigedomsskatten bestemt ut i frå kor mykje kraftanlegga produserer.

Kommunedirektøren trur at kraftproduksjonsgrunnlaget vil gå ned i 2024 for så å halde seg på cirka same nivå, men estimatet er usikkert.

På lengre sikt, utover økonomiplanperioden, kan eigedomsskatten for kraftanlegg gå ytterlegare ned. Straumprisen er på veg ned igjen. Statkraft og Hydro/Lyse skal gjere store daminvesteringar dei neste åra; det kan gå utover produksjonen i ein overgangsperiode og auke kostnadane. Grunnrentesatsen har blitt høgare.

Merknad: Eigedomsskattegrunnlaget når maksverdien ikkje slår inn = noverdiberekning av pris\*produksjon minus kostnad og grunnrenteskatt siste 5 år og minus noverdien av framtidige utskiftingskostnader.

### To alternativ

Suldal kommune har skrive ut eigedomsskatt på gamle verk og bruk etter overgangsregelen, jfr overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3- og 4. Overgangsordninga går ut i 2024. Frå og med 2025 så vil gamle verk og bruk bli definert som næringseigedom. Kommunen har to alternativ frå og med 2025:

Alternativ A: Skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnettet, jf eigedomsskattelova § 3c. Då mister kommunen eigedomsskatt frå dei verksemdene som tidlegare var verk og bruk. Eigedomsskatt på næring vil også gjelde små lokale selskap, slik som lokalt reiseliv, lokalbutikken, sagbruket, næringsbygg etc. Eigedomsskatten tar ikkje omsyn til om selskapet går godt eller dårleg. Det er verdien på eigedomen som er utslagsgivande for skatten.

Alternativ B: Skrive ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnettet og næring, jf eigedomsskattelova § 3 d. Då vil kommunen behalde eigedomsskatt på gamle verk, og i tillegg få eigedomsskatt på alle andre næringseigedomar. Skatt på overskotet til ei bedrift går til staten. Eigedomsskatten går til kommunen. Ved å skattlegge eigedomen så blir det igjen meir pengar lokalt. Kommunedirektøren tilrår alternativ B i dette budsjettforslaget, men ser fordeler/ulempar med begge alternativa.

### Ny allmenn taksering

Det er ny allmenn taksering i 2025. Førre allmenne taksering var i 2015. Det vil gjelde kraftlinjer, Englandskabelen og næring inkludert steinbrot. Takstane skal oppjusterast med konsumprisindeksen siste 10 år. Anlegga har blitt eldre. Samla sett trur kommunedirektøren at eigedomsskatten for kraftlinjer og Englandskabelen vil halde seg på same nivå. Eigedomsskatt i frå næring er stipulert til kr 6 millionar; kr 3 millionar frå steinbrot og kr 3 millionar frå anna næring.

Sal av konsesjonskraft	Rekneskap			Prognose				
	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Pris NO2 øre	9,8	80,7	208,0	100,0	75,0	75,0	60,1	55,5
Mengde GWh	136	136	136	143	130	130	130	130
Inntekt mill	4	92,4	273,6	123,2	74	74	59	55
Til Ryfylkefondet				11,9	7,9	7,8	5,9	5,3
<i>NO2 Sørlandet = vårt prisområde. Norge er delt inn i 5 ulike prisområder på grunn av ulik kraftsituasjon (værsituasjon og overføringskapasitet i nettet)</i> <i>Mengde GWh = vårt uttak = alminnelig forbruk. Mengde GWh 2024 = rapportert forbruk 2022.</i>								

### Sal av konsesjonskraft

Prisen er basert på marknadspotensialet.  
 Utfallsrommet er stort; frå under 50 øre til nærare 140 øre avhengig av kva analyseselskap du spør. Straumprisen avhenge av fleire faktorar som gassprisen i Europa, CO2-prisen (kvoteprisen), været, straumkapasiteten mellom dei ulike prisområda, overgangen til grøn energi med meir.  
 Konsesjonskraftfondet bør vere stort nok til å takle 2 år med låge straumprisar.

### Brukarbetaling og sal

Det er lagt inn auke på 4,5%. Satsen er henta frå forslag til statsbudsjett for 2024 (Pris- og lønsvekst, også kalla deflator, for 2024 er på 4,5%).

Frå 01.08.2024 blir foreldrebetaling for barnehage lik den nye statlege satsen på kr 1500,-.  
 Sjå forslag til betalingshefte for meir informasjon.

### Kommunalt eigde selskap

Haugaland Kraft AS (vår eigardel er 2,78%)

Her er det budsjettert med eit utbytte på 7,5 millionar kr. Dette blir i sin heilskap nytta til å finansiera investeringar.

Rygjatun Eigedom AS (vår eigardel er 100%)

Det er ikkje budsjettert med utbytte.

Suldal bad publikum AS (vår eigardel er 100%)

Det er ikkje budsjettert med utbytte.

## Utgifter


Budsjettet blir sett saman slik at ein først konsekvensjustera alle tal slik at lønsauke, endring i pensjon eller avtaleverk og avtalte endringar i avtalar blir oppdatert. I tillegg legg ein inn nye politiske vedtak som gir driftskonsekvensar eller som er ein følgje av statlege vedtak eller andre sentrale avtalar gjort mellom KS og arbeidstakar-organisasjonar. I tillegg kjem eventuell auke/reduksjon i driftsutgifter knytt til nye investeringar. Endringar som følgje av reduserte inntekter vert også lagt inn. Løn inkludert sosiale kostnader utgjør 59,2% av driftskostnaden før avskrivning og rente.

### Løn- og sosiale kostnader

